




# FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon: (072) 58000    Telefax: (072) 58510

Dato:  
30.11.1988  
Rev. 08.05.1989

## KRAFTLINJA HÅHEIM-DJUPVIK FUGLELIV OG FRILUFTSINTERESSER

Oppsummering av tilgjengelege data.

  
Kolbjørn Megård (e.f.)  
fylkesmiljøvernsjef

  
Alv Ottar Folkestad

INNHALDSOVERSIKT

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. FOREKOMST AV FUGL I OG KRING KRAFTLINJETRASEEN HÅHEIM-DJUPVIK	2
2. FRILUFTSLIV I OMRÅDET MELLOM HAREIDLANDET OG GURSKØYA	10
3. VEDLEGG - KARTMATERIALE	11

## 1. FOREKOMST AV FUGL I OG KRING KRAFTLINJETRASEEN HÅHEIM-DJUPVIK

Vurdering av kva arter og situasjonar som er mest sårbare.

I TABELL 1 er summert opp det som er kjent om ein del fugleartar i det aktuelle området. Artsutvalet bygger på ein kombinasjon av ulike kategoriar:

- a) Alle fugleartar observerte i området som er med på oversikta over truga dyreartar i Norge "Truede virveldyr i Norge. Rapport nr. 2 - 1988."
- b) Alle rovfuglartar som er observert i området. Rovfugl som gruppe er rekna som spesielt interessant både fordi gruppa generelt er utsett for kraftlinjekollisjonar, og fordi gruppa er vurdert som sårbar.
- c) Andre spesielt kollisjonsutsette fugleartar.
- d) Dei mest talrike fugleartane i området, med unnatak av sporvefugl.

### FORKLARING TIL TABELL 1:

I tabellen er symbolisert den kategori artane er plasserte under i rapporten om truga virveldyrartar. Samtidig er det merka av dei fugleartane som er funne daude under det eksisterande linjenettet i det aktuelle området. Hekkebestanden av dei oppførte fugleartane er notert i par og gjeld dei artane som hekkar i området, eller dei para som hekkar i nærområdet og som har dette som sitt viktigaste næringsområde. Situasjonane for dei ulike årstidene er oppført med dagsmaksimum, som er den mengde fugl av kvar art som er opptalt på ein dag, saman med dei totale mengder av fugl som er anslått til å bruke eller vere innom området i den aktuelle årstida. For mange av artane er det vanskeleg å kome med noko meiningsfylt estimat, og dette er symbolisert med spørjeteikn. Elles er det for dei meir talrike artane kategorisert som "hundretals" (x100) eller "tusentals" (x1000). Endeleg er det merka av dei artane som er vurderte som særleg sårbare i samband med den aktuelle linja og med understreking i tabellen for den funksjon som gjer at dei er vurdert som spesielt sårbare. Desse artane vil bli kommenterte nedanfor.

### AVGRENSING AV OMRÅDET

Det aktuelle området som primært er vurdert, er avgrensa av Dragsund/Garnes i nord og Aursnestangen i sør, men verknadene må og vurderast i høve til eventuelle effekter for fuglelivet både nord og sør for dette området.

Tabell 1: Fugleartar i området rundt den aktuelle kraftlinjetraséen  
Håheim- Djupvik. Mengder og kategoriar.

Art:	Trua art kate gori	Død und eks lin	Sår bar el. lin	Hekke best. par	Sommar individtal		Trekk individtal		Vinter individtal	
					Dag max	Pot. best.	Dag max	Tot. trekk	Dag max	Tot. best.
Storlom	*	-	-	-	-	-	2	?	2	2
Smålom	*	#	●	4	10	10	10	?	10	?
Storskarv	**	#	●	-	-	-	x100	x100	280	x100
Gråhegre	-	#	●	35	50	x100	70	?	50	?
Songsvane	**	#	●	-	-	-	-	-	18	200
Grågås	-	#	●	25	-	-	700	x1000	-	-
Ærfugl	-	#	-	50	200	-	-	-	50	?
Kvinand	-	-	-	-	-	-	-	-	50	?
Siland	-	#	●	20	90	?	50	?	20	?
Kvepsevåk	*	-	-	-	-	-	1	-	-	-
Havørn	***	-	●	3	6	?	-	-	30	65
Høsehauk	*	-	-	2	-	-	?	?	10	?
Sporvehauk	-	-	-	3	-	-	15	-	2	?
Fjellvåk	-	-	●	1	-	-	105	x100	-	-
Musvåk	-	-	-	-	-	-	1	?	-	-
Russevåk	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
Slangeørn	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-
Kongeørn	***	#	●	1	-	-	-	-	25	45
Tårnfalk	-	-	-	1	-	-	5	?	-	-
Dvergfalk	-	-	-	-	-	-	1	?	-	-
Jaktfalk	***	-	-	-	-	-	-	-	2	?
Vandrefalk	****	-	-	-	-	-	1	?	-	-
Orrfugl	-	#	●	20	-	-	-	-	30	50
Dvergsnipe	**	-	-	-	-	-	?	?	-	-
Kvartbekkasin	**	-	-	-	-	-	?	?	-	-
Lappsøve	*	-	-	-	-	-	?	?	-	-
Sotsnipe	*	-	-	-	-	-	?	?	-	-
Vadarar elles	-	-	●	-	-	-	???	???	-	-
Tjuvjo	-	-	●	5	15	?	-	-	-	-
Sildemåse	-	-	-	5	100	x100	100	x100	-	-
Fiskemåse	-	-	-	300	500	x1000	x1000	x1000	50	?
Gråmåse	-	-	-	20	300	x1000	x100	x100	50	100
Svartbak	-	-	-	50	300	x1000	x100	x100	20	100
Krykkje	-	#	●	-	10000	10000	50	x100	10	10
Makrellterne	-	-	●	150	x100	x1000	x10	x100	-	-
Raudnebbterne	-	-	●	300	x100	x1000	x100	x100	-	-
Lomvi	***	-	-	-	x10	x10	x100	x100	x100	x100
Alke	***	-	-	-	x50	x100	x10	x100	x10	x100
Alkekonge	-	-	-	-	-	-	-	-	x100	x100
Teist	*	-	-	-	-	-	5	10	2	5
Hubro	***	#	●	3	-	-	-	-	-	-
Jordugle	-	-	-	?	-	-	-	-	2	?
Gråspett	*	-	-	1	-	-	5	?	1	?
Kvitryggspett	***	-	-	-	-	-	1	?	-	-

Tegnforklaring:    \*\*\*\* = direkte trua  
                      \*\*\*  = sårbar  
                      \*\*  = sjelden  
                      \*  = usikker  
  } Sårbarh. kategori

SMÅLOM: 4-5 par har tradisjonelle hekkelokaliteter i tjoenner og små fjellvatn på Gurskøya/Hareidlandet, men dei hentar all si næring i sjøen i det aktuelle området. Både dette næringstrekket og at dei markerer territoria sine ved å flyge att og fram over sjø- og landområda, gjer dei svært sårbare for kraftlinjespenn over slike sund som dette. Både i dette distriktet og i Sør-Norge elles, har smålomen gått sterkt attende i nyare tid. Det er funne kollisjonsdrepne smålom under linjespenn i området.

STORSKARV: Desse fjordområda er tradisjonelle overvintringslokaltetar, med dagleg fleire hundre fugl. På overnattingsplassen på Tjuvholmen straks sør om området, er det talt inntil 280 individ, men ein del fuglar trekker også dagleg ut til og inn frå andre overnattingsplassar ute på havskjera (Flørauden og Skjervøya). Storskarven er svært aktiv i lufta og trekker ofte nettopp i den aktuelle høgda for spennet.

GRÅHEGRE: I noko vekslande tal frå tid til tid og med ein del flytting mellom koloniane, har det vore hegrekoloniar både nord og sør for tra-seen. Heile øyområdet er gunstige fiskeplassar for hegre og med stor aktivitet fram og attende. Arten er svært nattaktiv. I Storbritannia er det registrert at meir enn 40 % av ringmerkingsfunn av hegre er frå fuglar forulykka på kraftlinjer.

SONGSVANE: Overvintringsbestanden i kommunane Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta har dei seinare åra vore rundt eller i overkant av 200 individ, og denne bestanden må vurderast meir eller mindre som ei eining etter som det skjer regelmessig pendling mellom dei ulike beiteplassane alt etter vertilhøve og islegging. Når ferskvatna er islagde, ligg det regelmessig songsvaner i fleire av vågane rundt den aktuelle linjetraseen, først og fremst i Styggesjøen (Dragsund), Kvennavågen og Makrellvågen, medan det er meir sporadisk i vågane elles. Det viktigaste er likevel at trekkvegane mellom hovudområda for den aktuelle delbestanden i ytre Herøy og Hareid og alternative beiteplassar i Volda/Ørsta og Sande, for ein stor del går mellom Hareidlandet og Gurskøya. Av særleg interesse er det og at dette trekket i svært stor grad skjer på natta, truleg utløyst av at islegging i frostperiodene skjer raskast då. Dei seinare åra er det funne fleire songsvaner som har forulykka eller er skadde mot kraftlinjer i dette området.

GRÅGÅS: I alt har ca. 25 par grågås hekka i det aktuelle området dei siste åra, fordelt på ei rekkje holmar, øyar og nes. Spesielt i tida like før og under egglegging flyg fuglane mykje fram og tilbake, både på leit etter reirområde, og under trekk til og frå beiteplassane. I praksis er det to hovudbeiteplassar for denne bestanden, Steinsvika i Haddal, og Leikongvika på Leikong, og trekket til og frå desse plassane vil måtte krysse den aktuelle kraftlinjetraseen. Også når årsungane er flygedyktige, vil dei ta opp att denne pendlinga mellom beiteplassar og overnattingsplassar. Den totale grågåsbestanden i området mellom Raudøya i Ørsta og Vattøya/Nautøya i Ulstein/Herøy er 40-50 hekkande par, og det skjer regelmessig pendling og utveksling mellom dei ulike delområda heile den tida fuglane er flygedyktige. Desse trekka vil og krysse det aktuelle området.

Dessutan er det under hausttrekket ein svært markert trekk-korridor for grågås gjennom dette området når bestanden lenger nord er på veg mot sør. Observasjonar frå kringliggande kystdistrikt viser at ein betydeleg del av dette trekket går over Hareidlandet, anten langs vest-

sida, langs austsida, eller det kryssar øya diagonalt, varierende etter ver og vindtilhøve. Både for den delen av trekket som går langs vestsida av Hareidlandet og den som kryssar Hareidseidet eller Løseteidet, vil det bli ein naturleg konsentrasjon i området ved Håheim. Under spesielle vertilhøve kan dette trekket vere svært intenst. Såleis blei det den 20.8.81 opptalt 495 grågjess fordelt på 8 flokkar som passerte i lav høgde i det aktuelle området på 40 minutt. Utan tvil vil mangfaldige tusen grågjæser trekke over dette området dei fleste åra. Funn av daude grågjæser under kraftlinjer og observasjon av vengeskadde fuglar syner at også eksisterande linjenett representerer ein tapsfaktor for bestanden.

SILAND: Arten hekkar spreidd på holmane og dei nærliggande ferskvatna, men av størst interesse er likevel samlingane av hannar midtsommars, like før dei flytter til fjørfellingsplassane. Flokkar på inntil 90 hannar er opptalde ved slike høve, og truleg er dette samlingsplass for hannane i den lokale hekkebestanden. Silendene er svært aktive med raske flyttingar fram og tilbake, og svært ofte i den mest utsette flygehøgde med tanke på kollisjonar. Det er då og funne fleire kollisjonsdrepte silender under kraftlinjer i området.

HAVØRN: I hekketida er området jaktområde for fuglar frå i alle fall tre ulike hekkepar. Minst like viktig er området sin funksjon som overvintringslokalitet, kjent frå generasjonar attende. Maksimums dagtal på 30 ulike individ og minst 65 individ i løpet av vinteren, er betydelege også i landssamanheng. Samstundes veit vi at havørna er ein av dei fugleartane som er særleg utsette for å forulykke mot kraftlinjer. Oppdaterte bestandstal gjev Norge eit særskilt, internasjonalt forvaltningsansvar for denne arten. Både haust og vår er det tydeleg trekk av havørn som følgjer høgdedraga i dette området, etter alt å døme med hovudruta langs vestsida av Hareidlandet heilt mot Breisundet. Jamfør nærare omtale av fjellvåktrekket som grovt sett samsvarar i mønster.

FJELLVÅK: Under spesielle klimatilhøve på våren, passerer ein etter måten stor del av det norske fjellvåktrekket langs vestkysten. Dette skjer særleg når det er mykje snø og sein vår i innlandet, snøbart langs kysten og helst med austlege til søraustlege vindar. Under slike tilhøve kan fjellvåktrekket over dette området vere særdeles konsentrert og påfallande. Det er ikkje gjort systematiske opptellingar over lang tid, men enkelte år og enkelte dagar har det vore gjort notatar, med maksimumstal på 105 fuglar den 8.5.75. Samanlikna med andre norske trekklokalitetar er dette langt det høgste dagsmaksimum som er kjent for vårtrekk, og det er også svært høge dagstal om ein samanliknar med kjende dagsmaksimumstal for hausttrekk over norske trekklokalitetar. Jamvel om ein ser på det som er kjent frå utlandet, er dette høge tal for vårtrekk. Fjellvåken er utprega luftstraumsflygar som følgjer høgdedrag og terrengformasjonar. Trekket kjem såleis anten langs innsida av Gurskøya til Kleppe, der det kryssar over til Aursneset og langs vestsida av Hareidlandet før det kryssar over Løseteidet eller Hareidseidet, eller det kan gå langs innsida av øya. Ein annan arm av trekket kjem langs nordsida av Leikongeidet til Djupvik, kryssar over til Hareidlandet og følgjer same ruta som nemnt ovanfor. Avhengig av vind- og vertilhøve betyr dette ein konsentrasjon nettopp i det aktuelle området. Også denne arten er rekna for å vere svært utsett for å forulykke mot kraftlinjer.

KONGEØRN: Desse øyområda er utprega overvintringsområde, truleg med auka betyding etter at det blei utsett hare på Hareidlandet i 1973.

Det er vesentleg yngre fuglar (1-5 år) som trekker ut mot kysten på seinhaust og vinter, og maksimums dagtal på 25 ulike individ og minst 45 ulike individ registrerte i løpet av vinteren er svært høge tal i høve til det som er kjent av overvintrande kongeørn både i vårt land og elles. Som for andre luftstraumstrekkfuglar som havørn og fjellvåk er det og tydleg trekk av kongeørn gjennom det aktuelle området, om enn ikkje i tilsvarande tal. På reint trekk er det og mogleg at kongeørna har ein større tendens til å følgje langs innsida av Hareidlandet enn dei to nemnde artane. Generelt er kongeørn vurdert som svært utsett kraftlinjedød, best dokumentert ved systematiske, amerikanske undersøkingar, men og med indikasjonar frå vårt land og frå Europa elles. Arten er funnen død under eksisterande kraftlinje i dette området.

ORRFUGL: Hekkebestanden av orrfugl må karakteriserast som svært tett i området, og arten hekkar også i låglandet, både på øyar og nes. Fluktmønster og døgnrytme (skumringsaktiv) gjer at arten er svært utsett for kraftlinjekollisjonar. Vurdert ut frå bestandsutvikling og bestandstettleik høyrer desse kystlokalitetane til dei viktigaste orrfuglområda i landet. Det er ved ei rekkje tilfelle funne kollisjonsdrept orrfugl under kraftlinjer i området.

VADEFUGL KOLLEKTIVT: Området er ikkje utprega vadefuglområde, korkje for hekkande eller rastande fuglar, sjølv om bestanden av enkelte artar som tjeld, storspove, strandsnipe, enkeltbekkasin og rugde er god. Ingen av desse artane er vurderte som spesielt utsette i denne samanheng. Derimot er nattetrekket av vadefuglar over eit stort artspekter til tider svært intenst. Frå systematisk arbeid på viktige beite- og rasteplassar i distriktet er det dokumentert at det går eit betydeleg vadefugltrekk langs kysten i dette området, og at ei av hovudlinjene for vadefugltrekket blir konsentrert her. Dette gjeld fuglar så langt borte frå som Sibir og Grønland. Under spesielle vertilhøve er det og heva over tvil at dels betydelege mengder av vadefuglar passerer mellom øyane i det aktuelle området. Etter som det aller meste av vadefugltrekket går på nattetid, er det uråd å gje noko talmessig vurdering av omfanget, ut over at det til sine tider må vere store mengder. Erfaringar frå andre stader syner og at vadefuglane generelt er svært kollisjonsutsette nettopp fordi dei trekker på natta. Til og med kollisjonar mot elektrisk gjerde kan vere betydeleg på spesielt utsette lokalitetar.

TJUVJO: Fem par hekkar i det aktuelle området og har som hovudnæringsgrunnlag å stele mat frå krykkjer og ternar som passerer denne korridoren under næringstrekk. Arten har hatt ein dramatisk tilbakegang i Sør-Norge i nyare tid. Nettopp artens næringsvanar, med å jage andre fagleartar for å stele mat, noko som kan resultere i jaktmønster fullt på linje med enkelte rovfuglartar, gjer at ein må vurdere tjuvjoen som nokså sårbar for kollisjonar.

KRYKKJE: Krykkjekolonien på Runde er ein av dei største i vårt land, med meir enn 100.000 par då kolonien var på topp først på 1970-talet, no noko mindre. Når næringstilgangen er god i fjordstrøka, særleg med sild og brisling, kan store mengder krykkje frå Runde ha massive næringstrekk innover i fjordane i reirtida. For områda frå Eiksund til Ørstafjorden, Voldsfjorden og Dalsfjorden vil dette trekket stort sett gå over området mellom Gurskøya og Hareidlandet. Med utgangspunkt i at det på slike åtesamlingar er opptalt inntil ca. 10.000 krykkjer på ein gong, er det tvillaust at det daglege antall fugl som passerar over det aktuelle området fort kan bli fleire gonger så stort. Dette

trekket passerer ofte dessutan svært låg, gjerne ikkje høgre enn at dei så vidt går klar av terreng og vegetasjon, og sjølv om krykkjene gjennom sin fluktmåte ikkje er vurderte som spesielt kollisjonsutsatte, må det likevel understrekast at forulykka krykkjer regelmessig blir funne ved kraftlinjer i dette området. Muligens kan dei vere meir sårbare under nattetrek. Saman med andre måseartar samlast krykkjene regelmessig i ferskvatn for å drikke og bade. I dette området gjeld det Aursnesvatnet og Djupvikvatnet. I denne samanheng er det viktig å notere seg at alternativ linjetrase for den aktuelle linja vil sperre inn- og utflyginga ved Djupvikvatnet mot sør.

MAKRELLTERNE OG RAUDNEBBTERNE: Totalt hekkar 4-500 par terner i dette området i gode terneår, og i tilgrensande område mot nord og sør kan det vere like stor bestand eller meir. Dette er fuglar som på nærings-søk periodevis vil trekke gjennom den aktuelle korridoren. Med tanke på at bestanden for begge artar har vore på vikande front dei sinare åra, vil alle nye tapsfaktorar måtte vurderast alvorleg. For desse artane gjeld elles stort sett same merknader som for krykkje. For alle dei tre artane vil situasjonen med tjuvjo som patruljerer området, truleg bety auka kollisjonsfare mot kraftlinjer.

HUBRO: I sjølve kraftlinjetraseen ligg ein tradisjonell hekkeplass for hubro, og to andre hekkelokalitetar ligg innafor influensområdet slik at fuglane derifrå regelmessig jaktar i kraftlinjetraseen. Både i norsk og internasjonal målestokk har arten gått dramatisk attende i ny tid og er i dag utdøydd over store område. Møre og Romsdal høyrer framleis (?) med til artens viktigaste og siste tilhaldsplassar i Europa. Imidlertid er hubroen særdeles utsett for kraftlinjedød, og undersøkingar på Østlandet dokumenterer at meir enn 60 % av hubroar sleppte fri med radiosendar, forulykka mot kraftlinjer i løpet av relativt kort tid. Truleg vil denne arten vere den aller mest utsette av dei aktuelle artane som er notert i tabellen. Dette er og dokumentert for det aktuelle området, i og med at det er funne daud hubro under eksisterande linjer i området, bl.a. også i samband med straumutkopling.

#### SAMLA VURDERING

Ut frå opplysningane om fuglelivet og fugletrekket i dette distriktet, torer det vere klart at både artsspekter og mengder av fugl periodevis er svært stort. Like eins merkar ein seg at relativt mange av artane er vurderte som truga og sårbare. Ei rekkje av desse er spesielt sårbare for kraftlinjedød. Dette gjeld både hekkande og trekkande fuglar, og for fleire av dei gjeld at Norge er vurdert å ha eit spesielt internasjonalt forvaltningsansvar. I ein kraftlinjediskusjon blir problemet ytterlegare forsterka ved at fleire av artane er utprega nattaktive slik at det er lite von om særleg effekt gjennom merking av linja.

I ein større samanheng er det og andre tilhøve som forsterkar problema. Det er etter kvart kjent og talfesta at det langs Norskekysten skjer ei markert kanaliseringseffekt av fugletrekk frå nord og aust, delvis supplert med trekk over havet frå vest som følgjer kysten sørover. Hovudtyngda av dette trekket følgjer låglandsfronten utafor fjellmassivet på fastlandet og dei store øyane lenger nord. Både leiingseffekt av kystlinja og terrengformasjonane gjer at dette trekket i Møre og Romsdal i hovudsak kjem inn over Smøla/Trondheimsleia og følgjer stort sett strandflatelandskapet sørover til Giske. Det faktum



at kystlinja her bøyer mot sør og at landskapet har markerte passasjar i retning SSW mellom øyane og over relativt låge eid, er etter alt å døme grunnen til ei markert dreining av hovudtrekkretninga mot sør. Truleg kan vertilhøva i området rundt Stadt (Svinøyhavet/Stadthavet med vind/nedbørsområde) også påvirke dette. I alle fall er det ei påfallande trekk-kanalisering til området rundt Hareidlandet. Dels konsentrerar fugletrekket seg langs utsida, dels langs innsida, men i stor utstrekning følgjer det og dalføra på øya, som ved relativt låge eid over Hareidseidet og Løseteidet gjev opningar mot sørvest. Truleg og ved at fjellformasjonane som er orienterte i same retningane, gjev gunstige luftstraumar under ein del framherskande vindretningar. Resultatet er at det blir ei markert kanalisering av trekket i passasjen mellom Hareidlandet og Gurskøya, mest utprega nettopp i området mellom Garnes og Aursneset. På mange måtar kan vi her snakke om ei trakteffekt, gjeven av leidelinjer i terreng, kombinert med gunstige luftstraumar og passasjer. Ut frå det vi kjenner, er dette truleg eitt av dei mest markerte samlingspunkt vi har i Møre og Romsdal, når det gjeld fugletrekk. For ei rekkje artar må det og vere eitt av dei som merker seg ut på landsbasis.

Med tanke på rike eller spesielle fuglelokalitetar, finst det ei rekkje uheldig plasserte kraftlinjestrekningar i fylket. Likevel er strekninga Håheim-Djupvik utan samanlikning den strekninga i Møre og Romsdal der kombinasjonen av ein konsentrert trekk-korridor og terrengmessig plassering av ei kraftlinje er mest uheldig. Faktisk er dette den einaste kjende staden i fylket der ei kraftlinje kryssar dei sentrale delane av ein samlande trekk-korridor som for fleire artar til tider leier vesentlege delar av hovudtrekket langs kysten. Samstundes er området biologisk rikt og har stor aktivitet av beitande fugl heile året, ved sida av dei sårbare og sjeldne artane som hekkar. Traséen er dessutan svært eksponert i landskapet, der den følgjer dei høgste toppar og terrenghøgder på tvers av hovudtrekkretningane for fugl. Den planlagde linja vil i tillegg bli løfta i høve til dagens linje, noko som vil måtte forsterke dei uheldige konstruksjonane endå meir.

Samanlikna med andre, kjende kraftlinjestrekningar her til lands, er det vanskeleg å finne nokon som har tilsvarande, uheldige plassering. Det er derfor nærliggande å samanlikne med den internasjonalt berykta linjestrekninga over Kalmarsund i Sverige som og stenger eit sund med markert konsentrasjon av trekkande fugl langs kysten.

Det er ikkje gjennomført systematisk registrering av forulykka fugl under dei eksisterande kraftlinjestrekningane i det aktuelle området. For dei mest interessante delane er ein avhengig av båt for å kontrollere. Likevel ser vi at dei tilfeldige funn som er noterte, representerer eit breidt artsspekter av dels svært sjeldne og sårbare artar. Det er grunn til å tru at systematisk kontroll langs kraftlinjene ville syne eit langt større omfang, særleg med tanke på at deler av linjenettet går over sjø, slik at det vil vere særdeles vanskeleg å påvise fugelekollisjonar utan ved direkte observasjonar.

I dette notatet er summert opplysningar om ein del utvalde fugleartar. Fugletrekket elles i området omfattar også ei rekkje andre, meir vanlege artar, og for ein del av desse artane er trekket gjennom denne korridoren til tider svært intenst. Det gjeld mange småfuglartar, mange av dei nattetrekkarar med stor kollisjonsfare mot kraftlinjer, så som trostar og songarar. Det er uråd å gjere seg opp noko fornøytig, talmessig meining om trekket hos desse artane i høve til kraft-

linjene og den kollisjonsfrekvens ein må rekne med.

Med tanke på avbøtande tiltak, først og fremst merking av fasane på ein eller annan måte, som har synt ein viss effekt i andre samanhengar, er det viktig å merke seg at problema i dette området i stor grad knyter seg til nattaktive artar som vil dra lite nytte av merkingar, og til store mengder av trekkande fugl. Desse kan vanskeleg dra nytte av den kjennskapseffekten som ofte er viktig når det gjeld merking av kraftlinjespenn i typiske hekke- og rasteområde. Viktig er det og å merke seg at i dei situasjonane når kollisjonsfaren er størst, altså når trekkintensiteten i kraftlinjehøgde er størst, er under dårleg ver med nedbør, lågt skydekke og skodde. Det er altså situasjonar med sterkt redusert sikt, som og vil gjere det vanskeleg for fuglane å dra nytte av merking. Eit anna poeng er at i typiske flokksituasjonar, som tilfellet er under direkte trekk hos mange artar, er det først og fremst fuglane i flokkfronten som har sjanse til å oppdage hindringar og gjenstandar, medan fuglane i tettaste delane av flokken gjerne oppdagar faren for seint. Det er såleis ikkje noko ukjent fenomen at fugl under trekk kan kollidere med sjølv dei mest massive og synlege hindringar i trekkvegen, som master, tårn og bruer. Derfor er det all grunn til ikkje å overvurdere effekten av å merke kraflinjestrekningar. Eit luftspenn vil alltid måtte representere ein potensiell kollisjonsfare for flygande fugl.

## **2. FRILUFTSLIV I OMRÅDET MELLOM HAREIDLANDET OG GURSKØYA**

Det varierte øy- og fjordlandskapet mellom Hareidlandet og Gurskøya er oppfatta som eit svært attraktivt og vakkert landskap med gode tilhøve for friluftsliv og utfart, først og fremst i samband med båtliv og fiske. Den store verdien i ein slik samanheng er at det meste av området er godt skjerma mot ver og vind, samanlikna med djupe, opne fjordar med få landstigningsplassar i indre strøk og meir eksponerte øyområde på ytterkysten.

I sommarhalvåret tener dette området som det viktigaste båtutfartsområdet for dei fire tilgrensande kommunane, Herøy, Ulstein, Ørsta og Volda, med i alt innpå 32.000 innbyggjarar. For desse ligg området innafør rekkevidde av ettermiddags- og kveldsturar, alt etter båttype. Viktigare er området for helgeutfart, og då innafør rimeleg rekkevidde for heile Sunnmøre, med ei befolkning på ca. 120.000, altså omlag halvparten av befolkninga i fylket. I ferietid høyrer det nemnde øyområdet med til dei mest attraktive for båtferierande også langvegs frå, og området innbyr til alt frå kanopadling, seiling og robåt til passbåtar og cabin-cruiserar.


I denne samanheng er nettopp småøyane i Kjellsundområdet eitt av dei aller mest brukte delområda. Dette er naturleg, etter som eit oppdelt øylandskap med vikar, bukter og pollar er særleg velutvikla her. Midt i dette området, på Gurskøysida, ligg gamle Kjellsund handelsstad, i dag populær leirstad med nyutbygd og auka kapasitet.

Den planlagde kraftlinja vil skjere rett over dette området og vil måtte bli ein dominerande faktor i synsbildet i solretninga nesten same kvar i området ein oppheld seg. Med fem stålmaster vil inntrykket måtte endre seg radikalt i høve til det som er i dag, sjølv om den eksisterande tremastlinja syner godt. For Kjellsund leirstad vil heile panoramaet mot sør bli dekt av stålmaster og linjespenn. Med tanke på at området er innflygingskorridor til Ørsta-Volda lufthamn, særleg under vanskeleg ver, må ein gå ut frå at stålmasterlinjene i området vil måtte markerast med signalfargar, jamfør stålmasterne mellom Stokksund og Røyra i Ytre Herøy.


Det torer såleis neppe vere tvil om at ei kraftlinje av den konstruksjon det er søkt om konsesjon for, vil måtte bli svært dominerande i landskapet og vil av dei aller fleste bli oppfatta som eit sterkt negativt innslag som på ein avgjerande måte vil skiple eller øydelegge det som i dag er eit særdeles attraktivt utfartsområde.

### 3. VEDLEGG - KARTMATERIALE

- I - Områdeavgrensning
- II - Songsvane - trekkruiter
- III - Grågås - lokaltrekkruiter og hekkeområde
- IV - Grågås - trekkorridorar
- V - Fjellvåk - vårtrekk
- VI - Krykkje - beitetrekk




OMRÅDEAVGRENSING  
Hovudområde for omtale av  
fuglelivet



SONGSVANE

Trekruter mellom ulike  
beiteplassar i tilgrensande  
kommuner






GRÅGÅS HEKKING

Trekkruiter mellom reirplass  
beitelokaliteter og ulike  
delbestandar


6990  
6980  
6970  
6960  
6950000N  
6940  
6930  
6920  
6910  
6900  
6890  
6880000N  
6871



**GRÅGÅS TREKK**  
 Hovudtrekkleier og korridorar  
 under hausttrekket. Mange andre  
 artar har liknande mønster

310000E 320 330 340 350 360 370 380 390





**FJELLVÅK VÅRTREKK**  
Trekkleier langs høgdedrag  
Andre luftstraumstrekkarar  
følgjer nær same leiene

**KRYKKJE BEITETREKK**

Trekkmønster frå fuglefjellet  
på Runde til beiteplassar i  
fjordane

